

## Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Fylkesordfører sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 3

Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å fordele avsetning frå disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte MNOK 35,8) til hovudutvala for Næring og innovasjon jmf PS 80/20 og Kultur, idrett og integrering jmf PS 49/20.

Hovudutvala får fullmakt til å fordele midlane vidare etter eigne kriteria for tildeling.»

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Fylkesordfører sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019, som syner kr 2 536 312 701,52 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 71 766 168,72 vert godkjent.
2. Mindreforbruket vert nytta slik:
  - a. 36 mill kr vert nytta til finansiering av investeringsrekneskapen 2020. Bruk av lån vert redusert tilsvarande.
  - b. kr 35 766 168,72 vert avsett til disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte).
3. Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å fordele avsetning frå disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte MNOK 35,8) til hovudutvala for Næring og innovasjon jmf PS 80/20 og Kultur, idrett og integrering jmf PS 49/20.

Hovudutvala får fullmakt til å fordele midlane vidare etter eigne kriteria for tildeling.